

Fra: ole <ole@eidsnes.org>
Sendt: onsdag 11. oktober 2023 12:34
Til: Postmottak Alver
Emne: Landbruk
Vedlegg: iso-8859-1"Medlemmar%20Beihellaren%20Beitelad%20SA.docx

Sender hermed liste over medlemene i Beinhelleren Beitelag, sjå vedlegg.

Viser til tekst under frå statsforvaltaren.

Leiar Beinhelleren Beitelag

Ole Johan Eidsnes

Til beitelag og sankelag i Vestland

Innan Regionale miljøtilskot (RMP) for Vestland er det frå og med 2023 innført eit nytt tilskot for sau på utmarksbeite som heiter

Tilskot til beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark. Tilskotet gjeld kun for føretak som er medlemmar i eit beitelag/sankelag, og tilskotet vert utbetalt til det einskilde føretak/gardsbruk per vaksen sau som beiter minst 5 veker på utmarksbeite frå 600 moh og høgare. Tiltaket er avgrensa til inntil 100 sauer per føretak.

For at kommunane i Vestland skal kunna handsama søknadane på dette nye tiltaket, treng dei medlemslister (namneliste over medlemmane er nok) for beitelaga/sankelaga i sin kommune. Kommunane kan ikkje tildela tilskotet til føretak som ikkje dei kan stadfesta er medlem i eit beitelag eller sankelag.

Statsforvaltaren vil med dette oppmoda alle beitelaga og sankelaga i Vestland om å senda medlemsliste (namneliste) for sitt lag til landbruksforvaltninga i sin kommune snarast og innan 15.oktober.

Landbruksforvaltninga i kommunane i Vestland vil få kopi av denne e-posten.

Med venleg helsing

Liv Astrid Nordheim Kusslid

Seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: [57 64 30 87](tel:57643087)

Mobil: [48 02 98 36](tel:48029836)

E-post: liv.kusslid@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Sendt fra Galaxy Tab.